

Bra besøk, kjøkenet blir nytt

15.03.2011



Jan Erik Olsson har gjort ein kjempeinnsats for og med Gamleskulen. Også i kveld var han i arbeid, no med riving i kjøkenet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I dag var det kötendensar i Gamleskulen. Berit Harriet Døssland opplyser at mange kom på ein gong og ho er ikkje sikker på om dugnadsgjengen rakk å telja alle som besøkte Cafe TI-aren.
Men det talet dei stoppa på var i alle fall 41 vaksne og 8 barn.
Før det var 10 ute og gikk den kollektive rundturen. Det var med andre ord ein bra dag.

No er også opprustinga av kjøkenet i gang for fullt

Tak og golv har vorte nye i tillegg til at røyra i kjellaren er skifta.
I kveld skal teamet Olsson/Møller gjennomføra eit rivearbeid og så
blir det Teigen si oppgåve å gjera kjøkenet nytt.

Det blir ikkje nødvendig å stengja Gamleskulen
med kafe medan jobben blir gjort.

Håpet er at denne populære og tradisjonsrike møteplassen skal
bli enda meir attraktiv gjennom den satsinga som no skjer..